



MØTEINNKALLING

Arkivsak: 12/154

Løpenummer: 12/7643

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 30.11.2012

Tid: Kl. 08:30

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til postkasse@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimasida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandssosen.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
087/12	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLER FRÅ MØTA 29.09. OG 17.10.2012
088/12	DELEGERTE SAKER
089/12	BUDSJETT 2013 MED AVGIFTSBUDSJETT. HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016
090/12	STRANDVIK NYE BARNEHAGE - GODKJENNING AV LEIGE-/LEASINGSAVTALE
091/12	SØKNAD OM KJØP AV EIGEDOM FRÅ FUS A KOMMUNE
092/12	VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE
093/12	FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE

- 094/12 POLITISK MØTEPLAN 2013
- 095/12 RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 -
2016 - ENDRINGAR I VEDTEKEN PLAN
- 096/12 PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012
- 097/12 SØKNAD OM KOMMUNAL MEDFINANISIERING TIL LIV OG
LYST-PROSJEKT I STRANDVIK
- 098/12 AVTALE MED SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE HORDALAND 2013-
2016

Eikelandssosen, 16. november 2012

Hans S. Vindenes
Ordfører

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
087/12	Formannskapet	30.11.2012	HOP

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLER FRÅ MØTA 29.09. OG 17.10.2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møtebøkene frå møta 29.09. og 17.10.2012 vert godkjend.

Saksframstilling:

Saksdokument:

Ikkje vedlegg : Møteprotokoller frå møta 29.09. og 17.10.2012

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
088/12	Formannskapet	30.11.2012	HOP

DELEGERTE SAKER

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teke til orientering

Saksframstilling:

DFOR GST

023/12:

**DELEGERT VEDTAK - INNVILGA AMBULERANDE
SKJENKELØYVE - HÅLANDSDALEN LEIRSKOLE****Vedtak:**

I samsvar med kommunestyrevedtak 0041/12 innvilgar rådmannen eit ambulerande skjenkeløyve laurdag 01.09.12 til slutta lag i samband med personalsamling for pensjonistar til Hålandsdalen Leirskole v/Marit T. Grønevik, selskapsvirksomhet .

Skjenkeløyve gjeld:

Alkoholholdig drikk gruppe 1: Drikk som inneholder over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol (tidlegare nemnt som "øl"

Alkoholholdig drikk gruppe 2: Drikk som inneholder over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol (tidlegare nemnt som "vin")

Alkoholholdig drikk gruppe 3 (tidlegare nemnt som "brennevin")

Skjenkestyrar: Marit T. Grønevik

Skjenketid: Kl. 15.00 – 24 .00 – gruppe 3 – brennevin

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Skjenketid: Kl. 15.00 – 01.00 – gruppe 1 og 2

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Skjenkestad: Hålandsdalen Leirskole – selskapsvirksomhet**Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.**

Løyvet er gitt etter alkohollova § 4-5.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 280,-. Faktura for skjenkeavgift vert sendt dykk.

Betalt skjenkeavgift vert ikkje tilbakebetalt om ikkje løyvet vert nytta.

DFOR GST
024/12:

**DELEGERT VEDTAK SKJENKELØYVE - EIKELANDSFJORDEN
SAMFUNNSHUS**

Vedtak:

Med heimel i Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa Kommune 2012 - 2016, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 07.09.12 til Eikelandsfjordn Samfunnshus i samband med buskspelkveld - gammaldansgalla. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")*
*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM "VIN")*

SKJENKESTYRAR: TERJE FLØISAND

SKJENKETID: KL 18.00 – 01.00

Aldersgrense: Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt
18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

Med heimel i Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa Kommune 2012 - 2016, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 08.09.12 til Eikelandsfjordn Samfunnshus i samband med dansekurs - gammaldansgalla. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")*
*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM "VIN")*

SKJENKESTYRAR: TERJE FLØISAND

SKJENKETID: KL 15.00 – 17.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

Med heimel i Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa Kommune 2012 - 2016, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 08.09.12 til Eikelandsfjorden Samfunnshus i samband med dans - gammaldansgalla. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: EIKELANDSFJORDEN SAMFUNNSHUS

SKJENKELØYVE GJELD: ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 2,5 OG HØYST 4,7 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7 OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "VIN")

SKJENKESTYRAR: KARI BENTE HELLAND

SKJENKETID: KL 18.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

DFOR GST
025/12:

**DELEGERT VEDTAK - SKJENKELØYVE UTVIDA FOR EIT
EINSKILD HØVE 6.10.12**

Vedtak:

Med heimel i alkohollova § 4-2 vert skjenkeløyvet til Kafèen te Gro AS utvida til skjenking av gruppe 1 og 2 i Fusa samfunnshus laurdag 6.10 i samband med standup/show og dans.

Skjenketid: kl 18.00 –01.30 – gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år
Skjenkestyrar: Gro Janne Gjerdevik

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 - 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse.

Løyvet er ei utviding av det ordinære løyvet og overtreding av skjenkeløyvet kan føra til inndraging av restauranten sitt ordinære løyve og for huseigar Fusa samfunnshus jf. retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Løyvet vert elles gitt på vilkår som framgår av søknad, tilleggsopplysningar og saksframstillinga.

DFOR GST
026/12:

**DELEGERT VEDTAK OM UTVDIDA SKJENKEARAL 26.10.12 -
KAFÈEN TE GRO AS - TIL SLUTTA LAG - PERSONALFEST -
INNVILGA**

Vedtak:

Med heimel i alkohollova § 4-2 , jf § 4-5 vert skjenkeløyvet til Kafèen te Gro AS utvida til å gjelda til skjenking av gruppe 1 og 2 i Kulturløo på Helland fredag 26.10.12. Løyvet vert gitt til slutta lag i samband med personalfest for tilsette i Fusa kommune.

Skjenketid: kl 18.00 –01.30 – gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år
Skjenkestyrar: Gro Janne Gjerdevik

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 - 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse.

Løyvet er ei utviding av det ordinære løyvet og overtreding av skjenkeløyvet kan føra til inndraging av restauranten sitt ordinære løyve og for reaksjonar overfor huseigar jf. retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Omsetnad av alkoholhaldige drikkevarer skal registrerast på løyvehavar.

Løyvet vert elles gitt på vilkår som framgår av søknad, tilleggsopplysningar og saksframstillinga.

DFOR GST
027/12:

**DELEGERT VEDTAK OM UTVIDA SKJENKELOKLET TIL
KONGESMAK - 27.10.12 I STRANDVIK GRENDAHUS**

Vedtak:

Med heimel i alkohollova § 4-2 vert skjenkeløyvet til Kongesmak A/S utvida til skjenking av gruppe 1 og 2 i Strandvik grendahus laurdag 27.10.12 i samband med skalldyrbuffet og dans.

Skjenketid og type alkohol:

kl 19.30 –01.00 – gruppe 1 og 2 (øl og vin)

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år

Skjenkestyrar: Anne-Grethe Aase

Løyvet skal utøvast i samsvar med vilkår og gjeldande regelverk, jfr. alkohollova §4-7 med forskrifter. Jf. også retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan m.a. pkt 8 nr 3.1 - 3.4 Vi føreset at løyvehavar er kjent med lova, forskriftene og retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan og dei plikter som fylgjer av desse.

Omsetnad av alkoholhaldige drikkevarer skal registrerast på løyvehavar.

Løyvet er ei utviding av det ordinære løyvet og overtreding av skjenkeløyvet kan føra til inndraging av restauranten sitt ordinære løyve og for huseigar Strandvik grendahus jf. retningslinjer i rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Løyvet vert elles gitt på vilkår som framgår av søknad, tilleggsopplysningar og saksframstillinga

DFOR GST
028/12:

**DELEGET VEDTAK SKJENKELØYVE - NESJAHEIMEN VINNES -
03.11.12 - INNVILGA**

Vedtak:

Med heimel i Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa Kommune 2012 - 2016, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 03.11.12 til Nesjaheimslaget v/styret i samband med gubbafest. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: NESJAHEIMEN, VINNES

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")*
*ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM "VIN")*

SKJENKESTYRAR:

SKJENKETID: KL 19.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

DFOR GST
029/12:

**DELEGERT VEDTAK SKJENKELØYVE VED JUBILEUM FOR
BYGDAHEIMEN HOLMEFJORD - 10.11.12 - INNVILGA**

Vedtak:

Med heimel i Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa Kommune 2012 - 2016, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 10.11.12 til Bygdeheimen på Holmefjord v/styret i samband med 60-års jubileum for Bygdaheimen. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: BYGDAHEIMEN, HOLMEFJORD

SKJENKELØYVE GJELD: *ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL"
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM "VIN")*

SKJENKESTYRAR: VINJAR HOLMEFJORD

SKJENKETID: KL 18.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført

DFOR GST
030/12:

**DELEGERT VEDTAK - SKJENKELØYVE - BRUVANG
BALDERSHEIM BYGDALAG - JULEBORD 10.11.12 - INNVILGA**

Vedtak:

Med heimel i Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Fusa Kommune 2012 - 2016, innvilgar rådmannen eit einskildløyve 10.11.12 til Bruvang - Baldersheim bygdalag v/styret i samband med julabord med dans og pub. Jf. alkohollova jf. § 1-6, §§4-2, 4-3, 4-4

SKJENKELOKALE: BRUVANG, BALDERSHEIM

**SKJENKELØYVE GJELD: ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 1: DRIKK SOM INNEHOLDER
OVER 2,5 OG HØYST 4,7
VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT SOM "ØL")
ALKOHOLHOLDIG DRIKK GRUPPE 2: DRIKK SOM INNEHOLDER OVER 4,7
OG MINDRE ENN 22 VOLUMPROSENT ALKOHOL (TIDLEGARE NEMNT
SOM "VIN")**

SKJENKESTYRAR: MAUD MARKHUS

SKJENKETID: KL 19.00 – 01.30

Fortæringstid er inntil 30 min etter skjenketidas slutt

Aldersgrense: 18 år.

Etter kl. 01.00 er det ikkje høve til å sleppe inn nye gjester.

Skjenkestyrar må vere kjend med lover og reglement som gjeld for skjenkeløyve.

Skjenkeavgifta for dette skjenkeløyvet vert kr 600,-. Faktura for skjenkeavgifta vert ettersendt. Løyvehavar skal senda inn opplysningar om faktisk omsetning innan 2 veker etter at arrangement er gjennomført.

DFOR ERV
031/12:

SØKNAD OM TILSKOT TIL SVØMME OPPLÆRING

Vedtak:

Fusa kommune kan ikkje imøtekoma søknad frå Venjar IL om tilskot til symjetilbod. Fusa kommune har ikkje budsjettmidlar til tilskot til ordinær drift av aktivitet i lag og organisasjonar.

Ein vil rå til at Venjar synleggjer aktivitet ved innregistrering av aktivitetstal slik at symjegruppa kan utløysa statlege aktivitetsmidlar. Søkjar vert oppfordra til søkja om fylkeskommunale folkehelsemidlar med søknadsfrist 15. februar.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
	Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne		BFL
	Arbeidsmiljøutvalet		BFL
	Ungdomsrådet	27.11.2012	BFL
089/12	Formannskapet	30.11.2012	BFL

Sakshandsamer: Berit Fløisand

Arkivsaknr 12/709

BUDSJETT 2013 MED AVGIFTSBUDSJETT. HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2013 - 2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram for handsaming slik det framgår i saksutgreiinga

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret.

Saksdokument:

Vedlegg: Handlingsplan Fusa kommune. Økonomiplan 2013-2016, årsbudsjett 2013.

Arbeidsnotat - rådmannen sine premisser. (delt ut/sendt ut 07.11)

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger/Vurdering:

Det vert vist til vedlagde notat frå rådmannen. Saka vert sendt råda og arbeidsmiljøutvalet for evt. uttale. I følgje kommunelova er det formannskapet som skal gje tilråding i både budsjett og økonomiplan.

I utsendt notat er det to skrivefeil som må rettast:

Side 40:

Føring 4:	2013:	2014+:	KONSEKVENSAER for	PREMISSAR
Færre val barnehage	250	250	a) brukarar b) tilsette c) system/organisering	
Færre val for opphaldstid og endring av betalingssatsar i barnehage i tråd med dette	160	160	a) Færre val: 80% - NB! skal rettast til 50 % eller 100 % plass, opphaldstid kan endrast berre 1.8. og 1.1., redusert søskenmoderasjon. b) Føreseieleg stillingsstr. c) Betre utnytting av kapasiteten.	Endring av vedtekter. (25 % søskenmoderasjon frå 2. søsken uavhengig av tal barn). Greier ikkje spara heile beløpet her. Resten er overført til 5.B.

Gebyrregulativet, vedlegg 2, side 101 der det heiter:

"Betaling og oppseiing:

Betaling skjer forskotsvis, oppseiingstida er 1 månad gjeldande frå den 1. i månaden. Sluttar barnet etter 1. mars er hovudregelen at det skal svarast betaling for resten av barnehageåret...."

skal rettast til:

Betaling og oppseiing:

Betalig skjer forskotsvis. Plass i barnehage og SFO kan berre seiast opp/endrast ein gong i løpet av året. Endringa kan gjerast frå 01.01. Melding om dette må sendast til eininga innan 01.12. året før.

Dokumentet som ligg på heimesida til Fusa kommune er retta i samsvar med det ovanståande.

Vedr. kapitalkostnader knytt til strukturalternativ - side.41- 43:

I arbeidsnotatet er det lagt til grunn at vi får rentekompensasjon gjennom ordninga som vert administrert av Husbanken. Dvs. vi har berre rekna årleg nedbetaling av lånegjelda med 4 %. Maxramme for denne ordninga er for Fusa kommune sett til 12,1 mill.

Strukturalternativ som krev finansiering utover 12,1 mill vil i tillegg få rentekostnader - dvs.. ca. 3 % = ca.. kr. 30.000 pr. million. Desse rentekostnadane er ikkje medrekna i tabellane.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
090/12	Formannskapet	30.11.2012	ØYH

Sakshandsamer: Øyvind Haga

Arkivsaknr 10/1757

STRANDVIK NYE BARNEHAGE - GODKJENNING AV LEIGE-/LEASINGSAVTALE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding. Det vert vist til saksutgreiinga.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

**Vedtaket vert sendt:
Sondre Romundset**

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.11.2012	ny leie avtale Strandvik Nye barnehage.docx	52809

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Kommunestyret har gjort følgjande vedtak i sak KOM-049/12:

1. Fusa kommune takkar ja til å leiga areal i nytt bygg for barnehage og SFO.
2. Det skal innarbeidast ein samarbeidsavtale som skal innehalda følgjande: Leigesum Overtaking Leigetid Opsjon på kjøp Vedlikehald
3. Frå Fusa kommune deltek følgjande i forhandlingane. Ordførar Hans S. Vindenes og ein utpeika av rådmannen. Formannskapet får fullmakt til å godkjenna forhandlingsresultatet
4. Kommunal investering i skuledelen vert innarbeida i investeringsbudsjettet for 2013.
5. Stiftinga får disponera kommunal grunn vederlagsfritt som omsøkt

Vurdering:

Partane er no samde om innhaldet i ein leige- / leasingavtale der føringane frå kommunestyret er innarbeida. Avtalen vert lagt fram for formannskapet til godkjenning i samsvar med vedtaket frå kommunestyret.

I saksutgreiinga til sak KOM-49/11 går det fram at avtalen medfører eit investeringsbehov på kr 1.550.000 innkl. mva som må innarbeidast i investeringsbudsjettet. Dette gjev årlege kapitalkostnader på kr 110. 000. Leigeutgiftene aukar med kr 300.000 pr år frå ny barnehage vert teke i bruk. Dette gjev auka driftsutgifter på kr totalt kr 410.000 pr år. Momsrefusjon går til frådrag. Netto driftsrammer må etter dette aukast med om lag 300.000 frå 2014.

Vi viser elles til nedst på s 24 i arbeidsnotat og premissar frå rådmannen vedrørande handlingsplan Fusa kommune, økonomiplan 2013 – 2016 og årsbudsjett 2013. Her går det fram at leige- / leasingkostnader samt kapitalutgifter for kommunal investering på Strandvik skule ikkje er innarbeidd i rammene.

Endeleg godkjenning og signering av avtalen bør sjåast i samanheng med budsjetthandsaminga då det må leggjast inn drifts- og investeringsmidlar i økonomiplanen for å kunna gjennomføra avtalen.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
091/12	Formannskapet	30.11.2012	PRO

Sakshandsamer: Per Rosvoll

Arkivsaknr 12/1201

SØKNAD OM KJØP AV EIGEDOM FRÅ FUS A KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune sel ca. 500 m2 av gnr. 23 bnr.40.

Dette er arealet som grensar mot gnr. 23 bnr. 51 i ein avstand på ca. 2,5 m frå vegkant.

Pris er kr.,- pr. m2

Kjøpar betalar i tillegg for oppmåling og omkostningar i samband med overdraginga.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Kommunestyret

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.10.2012	Søknad + kart .pdf	51738

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Fusa kommune kjøpte i sommar areal frå Gildestad AS` tvangsaviklingsbo.

Fusa kommune kjøpte dette arealet for å sikra eigedomsrett til offentleg vei.

Noko av arealet ligg mellom Gudleik Østerbø sin eigedom og veg, ca. 500 m2.

Østerbø søkjer om å få kjøpe dette arealet dersom ein kjem fram til ein rimeleg pris.

Fusa kommune kjøpte heile arealet, ca 1742 m2, for kr. 27.000,- + kr. 2.218,- i omkostningar. Dette utgjer ca. kr. 15,50 pr. m2.

Kommunestyret handsama i sak 031/12 ein søknad om kjøp av tilleggsareal i Stallabrotvegen. Vedtak her landa på kr. 200,- pr m2.

Dei siste åra har prisnivået på sal av tilleggsareal vore kr. 40 - 50 pr. kvm.

Vurdering:

Arealet ligg naturleg til Østerbø sin eigedom, og kan ikkje nyttast til noko av Fusa kommune.

Prisnivå med kr. 200,- pr. kvm vert vurdert som høgt for denne type areal og kjøper vil nok ikkje kjøpa dersom dette vert resultatet.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
092/12	Formannskapet	30.11.2012	ANHE

Sakshandsamer: Anne Helen Helland

Arkivsaknr 12/1369

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGANE I FUSA KOMMUNE VERT ENDRA SLIK AT DEI SAMSVARER MED AVGIFTSREGULATIVET OG FORELDREBETALING I SFO.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg: Vedtekter for skulefritidsordningane i Fusa kommune

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Einingsleiarane på oppvekstsentra har foreslått *ein* sats for foreldrebetaling ved SFO. Dette må koma fram i vedtektene, det vert difor lagt fram framlegg om endring av;

pkt.6 Foreldrebetaling:

"I prinsippet vert skulefritidsordningane finansiert gjennom ei tredeling av kostnaden mellom stat, kommune og brukarar. Fastsetjing av foreldrebetalingssatsane vert gjort årleg i budsjettprosessen."

Dette vert endra til; *"Skulefritidsordningane skal finansierast gjennom sjølvkostprinsippet. Fastsetjing av betalingsssatsane vert gjort årleg i budsjettprosessen."*

6 b) vert endra frå; *"Satsane vert todelt etter opphaldstid i veka: til og med 14 timar og 15 – 22 timar. Det er opningstida i SFO som dannar grunnlag for utrekning av kva ein skal betala, ikkje kor lenge ein nyttar SFO-tilbodet kvar dag"*.

Dette vert endra til; *"Det vert ein sats for plass i SFO. Foreldra bestemmer sjølv kor mykje av plassen dei vil nytta."*

Vurdering:

Betalingssatsane for SFO vert auka. Dei som har hatt plass inntil 14 t/v har i 2012 betalt kr 1425,-, dei med plass 15-22 t/v har betalt kr 1725,-

Det vert no éin sats for SFO-plass. Ny betalingssats for SFO-plass vert kr 2150,- . Dette utgjer ei stor månadleg avgiftsauke for dei som har nytta seg av tilbodet om redusert plass. Det er småbarnsfamiliane som får denne ekstra kostnaden. På tre av oppvekstsentra har dei fleste elevane redusert plass, på dei tre andre oppvekstsentra har dei fleste elevane full plass. Denne vedtaksendringa kan føra til at færre elevar nyttar seg av SFO- tilbodet. Då vil ein ikkje få den inntektsauken som er forventa med dette tiltaket.

Når denne endringa kjem midt i skuleåret, må dei som har tilbod om plass opp til 14 t/v få svara på om dei ønskjer å gå opp til full plass. Ein kan tidlegast få ut spørsmål om dette 01.01.13, den nye ordninga vil difor ikkje vera på plass før 01.02.13.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
093/12	Formannskapet	30.11.2012	ANHE

Sakshandsamer: Anne Helen Helland

Arkivsaknr 12/1362

FRAMLEGG TIL VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE ENDRING GJELDANDE FRÅ 01.01.2013

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

VEDTEKTER FOR BARNEHAGANE I FUSA KOMMUNE VERT ENDRA SLIK FRAMLEGGET VISER, SLIK AT DEI ER I SAMSVAR MED BARNEHAGELOV OG AVGIFTSREGULATIVET FOR FUSA KOMMUNE.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg: Framlegg til vedtekter for barnehagane i Fusa

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Einingsleiarane på oppvekstsentera har foreslått ulike tiltak for å auka inntektene og redusera kostnadene i barnehagane. På bakgrunn av dette vert det foreslått å ha færre tilbod om plasstorleik i dei kommunale barnehagane. Det er framlegg om berre å ha tilbod om 50% plass og 100% plass.

Søskenmodersajon vert endra frå 30% for barn nr.2 og 50% for barn nr.3, til 25% frå og med barn nr.2. Det er også forslag om å ha feriestengte barnehagar 4 veker i juli, Jettegryto vil ha oppe 12 mnd i året og gir tilbod til barn frå alle barnehagane i ferien.

Teksten i ”*Vedtekter for barnehagane i Fusa*” er foreslått endra slik for å vera i samsvar med føringane over;

Første setning i vedtektene; ”*Vedtektene gjeld også for private barnehagar som får kommunalt driftstilskot*” vert fjerna. Etter rammefinansiering av barnehagar 01.01.2011 får ikkje private barnehagar kommunalt driftstilskot. Dei får offentleg tilskot på grunnlag av kommunale satsar. Kommunen kan ikkje fastsetja vedtekter i private barnehagar, barnehageeigar skal fastsetja barnehagen sine vedtekter , jfr barnehageleva §7, 4.leddet.

3. Føremål og innhald.

§1 er referert på nytt etter endring i barnehagelova 01.08.2010.

2 Godkjenning: under kvar barnehage er teksten endra frå ”....tilbod om 2, 3, 4, og 5 d/v” vert endra til ”tilbod om 50% plass og 100% plass”.

8. Prinsipp for opptak h) er endra frå :” Ein kan søkje om plass 2-3-4-5 d/v og delt heiltidsplass, 2 dagar ei veke og 3 dagar ei veke. Minste tilbod som vert gjeve er 18 timar, dvs 2 heile dagar.”

Endra til: ”Ein kan søkje om 50% plass eller 100% plass. 50% plass vert fordelt på 3 dagar ei veke og 2 dagar neste veke, slik at to halvtidsplassar utfyller kvarandre.”

11. Foreldrebetaling

Pkt 2 er endra frå ”Søskenmoderasjon vert gjeve med 30% rabatt for barn nr.2, og 50% rabatt for barn nr.3 på vanleg opphaldstid”,

vert endra til ”Søskenmoderasjon vert gjeve med 25% rabatt frå barn nr.2”

12 Opningstid/ferietid

d) Ferieopen barnehage

Jettegryto barnehage er open 12 månader i året. Dei andre barnehagane er stengt 4 veker i juli.

g) Her går endringa på at ein kan berre søkja om endra plass frå 01.01. , dvs berre ein gong i løpet av barnehageåret.

Vurdering:

Med berre to val på plasstorleik, tenkjer ein at det vert meir forutsigbart å organisera bemanninga i barnehagane. 50% plass er tenkt fordelt på 3 dagar ei veke og 2 dagar neste veke, slik at to 50% plassar går mot ein annan og utgjer tilsaman ein heil plass. Ein kan stilla spørsmål ved kor teneleg dette er for foreldra, då dette kan vera vanskeleg å kombinera med jobb.

Det er eit ønskje frå barnehagane å ha færre val om plassar, slik at barnehageveka er forutsigbar og at det er like mange barn i barnehagen alle dagar i løpet av veka.

Innsparingsframlegget tar vekk eit val og ein fleksibilitet for foreldra. Dette kan føra til at dei som i dag har 80% plass går opp til 100% plass. Truleg vil barna vera meir i barnehagen når dei må betala for full plass. Dei som i dag har 40,50 eller 60% plass må gjera eit val om dei ønskjer 50 eller 100% plass.

Denne endringa kan føra til fleire barn i barnehagen og at ein må inn med meir personale, eller at færre barn kan få barnehageplass.

Redusert søskenmoderasjon vil spesielt merkast for familiar med 3 barn i barnhage. Dette gjeld svært få, her vert det difor lita innsparing totalt sett. Men for den enkelte familie som må betala meir for barnehageplass vil dette merkast.

Feriestengte barnehagar i juli vil nok føra til ekstra trøkk på ”feriebarnehagen” Jettegryto. Det kan bli noko auka vikarutgifter her dersom det vert mange som nyttar seg av tilbodet. Det er ein tendens til at mange av barna er i barnehagen minst to veker i juli, dette heng igjen saman med at foreldra vel å ha sein ferie. Jettegryto skal samtidig med dette ekstra trøkket avvikla ferie for sitt personale. Det er difor usikkert kor stor innsparing vert med dette tiltaket.

Ein del nye barn har søkt om plass i barnehage frå 01.01.13. Det er ikkje mogeleg å behandla desse søknadene før ein veit konsekvensane av denne vedtaksendinga. Dette fører til at nye søkjarar ikkje veit om dei har barnehageplass før tidlegast 1.februar. Dersom vedtektsendingane fører til at dei barna som går i barnehagen vil vera der meir, vil det ikkje vera ledige plassar å tilby innanfor den bemanninga barnehagen har.

Skal desse vedtektene gjelda frå 01.01.13, må dei som i dag går på redusert plass få 1 mnd frist til å svara på kva tilbod dei ønskjer vidare. Dette kan ein tidlegast få ut 01.01.13.

Endringa kan difor tidlegast effektuerast 01.02.13.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
094/12	Formannskapet	30.11.2012	GST

Sakshandsamer: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 11/1513

POLITISK MØTEPLAN 2013

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune vedtek framlegg til møteplan.

Gruppemøte :

Måndag i utvalsmøteveka og kommunestyreveka.

Utval:

Ungdomsrådet
Senior- og funksjonsrådet
Formannskapet
Administrasjonsutvalet
Utval for plan og miljø
Kommunestyret

Møtedag:

Tysdag i utvalsmøteveka
Tysdag i utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Onsdag i utvalsmøteveka
Torsdag i utvalsmøteveka.
Onsdag

I 2013 skal ein fortrinnsvis ha ettermiddags/kveldsmøte.”

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar/vurdering:

Framlegg til møteplan i saka er utarbeidd i samråd med ordføraren.

Møta er som i 2012 samla på ei utvalsmøteveke. Utvalsmøtevekene er lagt inn slik det vert ein mest mogleg jevn møtefrekvens. Det er elles teke omsyn til ferie og helgedagar samt at viktige saker som m.a. tertialrapportar vert handsama raskast mogleg. I tillegg er det teke omsyn til gjennomføring av stortingsvalet der valdagen er måndag 09.09.12, og utvalsmøterunden i september er difor lagt i veke 39. Kommunestyret vert, av omsyn til haustferie for skulen i veke 41, lagt til onsdag 16.10.13 i veke 42.

Opplæring for folkevalde:

Onsdag 06.02.13 vert det oppfølging/vidareføring av opplæringa som var i november 2011. Temaet vert ”Kommunens rolle som arealmydighet”.

Synfaring på BIR anlegg i Bergen:

Tysdag 16.04.13 vert det synfaring på BIR anlegg i Bergen: BIR sitt energianlegg i Rådalen, gjenvinningsstasjonen på Espehaugen, stasjon for farleg avfall og papirsorteringsanlegget. Førebels planlagt avreise frå Eikelandssosen kl 1200.

Handsaming av budsjettet:

Formannskapet har budsjettkonferanse måndag 16.09.13 og 17.09.13. Dersom det er behov for møte i juni, etter at konsekvensane av kommuneøkonomiprp. er kjent, vert det evt. ekstramøte. Den 27.11.13 skal formannskapet skal gje innstilling vedk. budsjett og økonomiplan. Tilrådinga vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før kommunestyret handsamar saka. Kommunestyremøtet 18.12.13 er i utgangspunktet heildagsmøte der budsjett og økonomiplan vert handsama.

Følgjande er elles teke omsyn til i utarbeiding av framlegget:

Vinterferie: Veke 9: 25.02. – 03.03.13

Påskeveka: Veke 13. 01.04.13 er 2. påskedag.

Onsdag: 01.05.13

Kristi himmelfartsdag: torsdag 09.05.13

17.05.13 som er ein fredag

2. pinsedag: 20.05.13

Stortingsval: måndag 09.09.13

Haustferie: Vert i veke 41 : 07. – 11.10.13 (dersom vi følgjer Bergen kommune si skulerute).

Arealplanprosessen er under arbeid og er difor ikkje innarbeidd i framlegget.

FRAMLEGG TIL POLITISK MØTEPLAN FOR 2013– FUSA KOMMUNE

Vedteken møteplan finn du også på heimesida vår under politikk www.fusa.kommune.no

Utval	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
	Møtedag	Møtedag		Møtedag	Møtedag	Møtedag
Ungdomsråd		19.02.13		23.04.13		04.06.13
Senior- og funksjonsrådet		19.02.13		23.04.13		04.06.13
Formannskapet		20.02.13		24.04.13		05.06.13
Administrasjonsutvalet		20.02.13				05.06.13
Utval for plan og miljø		21.02.13		25.04.13		06.06.13
Kommunestyret			06.03.13		08.05.13	19.06.13
Kommunestyret		06.02.13 Opplæring for folkevalde		16.04.13 Synfaring BIR, Bergen		

UTVAL	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
	Møtedag	Møtedag	Møtedag	Møtedag	Møtedag	Møtedag
Ungdomsråd			24.09.13		26.11.13	
Senior- og funksjonsrådet			24.09.13		26.11.13	
Formannskapet			25.09.13		27.11.13	
			Budsjettkonferanse 16. og 17.09.13			
Administrasjonsutvalet			25.09.13		27.11.13	
Utval for plan og miljø			26.09.13		28.11.13	
Kommunestyret				16.10.13		18.12.13

Den 27.11.13 skal formannskapet gje innstilling vedk. budsjett og økonomiplan. Tiltrådinga vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst 14 dagar før kommunestyret handsamar saka.

Kommunestyremøtet 18.12.13 er i utgangspunktet heildagsmøte der budsjett og økonomiplan vert handsama.

Saksdokumenta og møteprotokollane finn du under politiske saker.

Saksdokumenta/Innkallingane vert vanlegvis seinast lagt ut 7 dagar før møtet. Når møtet er referert, vert møteprotokollen lagt ut på heimesida. Kjem det opp saker det hastar med, kan det vera innkalla til ekstra møte i dei einssilde utvala. Dersom det er behov for ekstramøter i planutvalet kan dei leggjast til kommunestyret sin møtedag. Utvala og kommunestyret skal fortrinnsvis ha ettermiddags-/kveldsmøte.

Saksnr	Utval	Møtedato	Saksbeh.
	Kommunestyret		GST
095/12	Formannskapet	30.11.2012	GST

Sakshandsamer: Gunn Sissel Teigen

Arkivsaknr 11/958

RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR FUSA - 2012 - 2016 - ENDRINGAR I VEDTEKEN PLAN

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert gjort følgjande endringar og presiseringar i rusmiddelpolitisk handlingsplan vedteken 20.06.12:

"Skjenketida ute vert utvida til kl 00.30 med fortæringstid kl 01.00."

Endring under punkt 2 i retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve.

Tillegg:

"Nytt punkt:

2.4 b. Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stadar med fast skjenkeløyve, men kan også gjevast til forsamlingshus etter søknad i spesielle høve."

"Forsamlingshus kan få skjenkeløyve til uteservering inntil 2 gonger pr kalenderår"

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

"2.4.c. Stadar med fast skjenkeløyve kan få utvida skjenketid på uteservering til kl 01.30 med fortæringstid til kl 02.00 ved inntil to særskilde arrangement/festivalar pr kalenderår."

"Vinnesfestivalen" vert bytt ut med større arrangement dvs. arrangement planlagt for over 500 deltakarar."

Utgår:

2.13. Går ut.

Rådmannen sitt framlegg alternativ 1:

Det vert ikkje opna for løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i egne skjenkefrie soner.

Intensjonen i framlegget er god, at ungdom skal få tilgang til egne rusfrie soner på konsertar og festivalar, men dette er vanskeleg å gjennomføra i praksis med dei arrangement og kulturlokale ein har i Fusa per i dag

Rådmannen sitt framlegg alternativ 2:

I ein prøveperiode på 3 år opnar ein for at det kan søkjast om løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i egne skjenkefrie soner. Kommunestyret evaluerer ordninga etter prøveperioden. I søknaden må det m.a. framgå at det vert ivareteke at det er eit "arrangement i arrangementet", jf. moment i saksutgreiinga.

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Kommunestyret

Saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
19.11.2012	KRAV TIL LOVLEG SKJENKING - INFO FRÅ HELSEDIREKTORATET TIL ALLE SKJENKESTADAR.PDF	52812
19.11.2012	UTDRAG FRÅ FORSKRIFT HEIMLA I ALKOHOLLOVA VEDK INTERN KONTROLL KAP 8 .PDF	52813

Ikkje vedlegg:
Kommunestyresak 41/12 m/vedlegg

Faktiske opplysninger/Vurdering:

*Kommunestyret gjorde 20.06.12 følgjande vedtak:
Planen vert godkjent slik han ligg føre. Merknader/framlegg som er framkomme vert sendt tilbake til administrasjonen for utgreiing og innarbeiding og kjem opp i neste møte i kommunestyret.*

Innleiing

Merknader/forslaga har vore vurdert av faginstansane: politiet, sosial- og barnevernstenesta og kultur. Fusa kommune har gjennom mange år gjennomført sin versjon av alkoholpolitikken. Politiet og skjenkekontrollen gjev i stor grad ei positiv vurdering av kommunen samanlikna med utfordringar i ein del nabokommunar og samanlikna med situasjonen for 20 år sidan. Fagfolk tilrår at det ikkje vert gjort grep no som svekkar effekten av politikken i Fusa. Det vert m.a. vist til at kloke grep gjort av politikarane i Fusa no vert adoptert av Kvam herad som innfører Fusa- modellen for skjenking på forsamlingslokala.

Likevel har vi også utfordringar i Fusa; m.a. at vi går for seint ut og til dels då er for rusa når vi kjem til skjenkelokalet, jf. refleksjonar i planen. Jf. også vedlagde oversikt i informasjonen ”Krav til lovlig skjenking” frå Helsedirektoratet som viser kor grensene går frå edru til sterkt rusa. Ny forskning frå SIRUS viser også at alkohollova vert broten i nokså omfattande grad mange stader. Dette kan skuldast at faktorar som kommunane sin økonomi og evne til oppfølging, næringsinteresser og utbreidd aksept for fyll virkar inn på korleis lova vert handheva lokalt. Forskinga viser at servering av alkohol til mindreårige eller openbart rusa personar er nokså vanleg i Norge, sjølv om dette er i strid med reglane i alkohollova. Slike tilfelle vert sjeldan avdekka av sals- og skjenkekontrollen, og dei tilfella som vert avdekka fører sjeldan til sanksjonar. SIRUS har også kartlagt grad av overskjenking via testkjøp i Oslo. For å skapa eit betre uteliv, trengs det endringar i både haldningar og gjennomføring samt auka kompetanse hjå fleire aktørar ifølgje SIRUS. Reglane i alkohollova skal hos oss i Fusa også handhevast av ”amatørar” som ikkje har det som yrke, men som stiller opp på dugnad for forsamlingslokalet i små lokalsamfunn.

Det er både av ruspolitisk og næringspolitisk interesse at vi går ut tidlegare enn rundt midnatt. M.a. for auka inntektsgrunnlaget i skjenkenæringa og å redusera risikoen for overskjenking og andre brot på alkohollova, jf. SIRUS forskinga referert til ovanfor. Kva kan gjerast for at folk går tidlegare ut i Fusa? Korleis kan ulike aktørar samhandla, bevisstgjera oss og endra "Gå-ut" kulturen i Fusa? Skjenkeverksemdar i Fusa arrangerer t.d. både revy, har pakketilbod med konsert, mat og eller dans. Dette har vore vellykka tiltak med stor oppslutning og som fører til at vi går tidlegare ut. Vi treng auka fokus på temaet m.a. ved handsaming av planverk, i media og vidareutvikling av tilboda/arrangementa der sosiale aktivitetar er det viktigaste.

Vaksne, særleg foreldra, er førebileta til ungdommen og endringar i "gå-ut/drikkekulturen" vår vil kunna ha innverknad på ungdomskulturen. Ungdomsrådet er viktig samarbeidspartnar for å skapa attraktive tilbod for dei som er under 18 år. I rusmiddelpolitisk handlingsplan er det vedteke at ungdomane sjølv i samarbeid med andre aktørar skal utvikla retningslinjer med rammer for rusfrie arrangement – både det tekniske og innhald.

Forskning frå SIRUS viser at det mest hensiktsmessig å satsa på generelle tiltak med veldokumenterte effektar, slik som aldersgrense, høge alkoholavgifter og restriksjonar i talet på alkoholutval og opningstider. Meir informasjon finn ein på www.sirus.no

Vi tilrår auka fokus på ovanemnde i perioden: I løyvepolitikken, ved kursing av løyvehavarar og deira tilsette og at politiet og skjenkekontroll handhevar reglane i samsvar med lova og at regelverket om internkontroll vert følgt opp av alle løyvehavarane. Vedlagt følgjer til orientering utdrag frå forskrift til alkohollova og Informasjonsmateriell som Helsedirektoratet har sendt til alle som har fast sals- og skjenkeløyve. Vi vil bestilla og senda dette ut til forsamlingslokala når det vert gitt einskildløyve då skjenkereglane også gjeld for dei arrangementa.

Framlegga - sett i kursiv nedanfor –fremja i møtet 20.06.12 vert no kommentert punktvis:

Framlegg

2.

"Skjenketida ute vert utvida til kl 00.30 med fortæringstid kl 01.00."

"Forslag til endring under punkt 2 i retningslinjer for tildeling av saks- og skjenkeløyve.

Tillegg:

"Nytt punkt:

2.4 b. Skjenkeløyve til uteservering vert gitt til stadar med fast skjenkeløyve, men kan også gjevast til forsamlingshus etter søknad i spesielle høve."

"Festivalar og andre arrangement for vaksne over 18 år kan få tildelt einskildløyve ute der det er ein naturleg del av arrangementet."

Vi viser til tidlegare vurdering:

"Uteservering

Rådmannen viser til at forslaget i planen s 19 med følgjande vurdering: Dersom ein skal ha lik opningstid for alle konsepta/skjenkestadane bør skjenketida utandørs ikkje aukast. Dette av omsyn til naboar av skjenkestader og også av forsamlingslokala. Det er teke næringspolitiske omsyn ved at berre stadar som har fast skjenkeløyve får uteservering.

Dette var eit tema som også vart grundig vurdert for 4 år sidan då politiet uttalte følgjande vedk. Ad. Skjenketider - uteservering: "Politiet har som oppgave å sørge for ro og orden - dette at ingen sjeneres bl.a. av støy fra skjenkesteder. Derfor har vi tidligere gitt en vurdering på at skjenking utendørs ikke bør forekomme når folk flest går til ro for natten. Jeg ser således poenget i innspill fra Lars J. Ditmarsen om at det kanskje bør legges til grunn en vurdering til bl.a. beliggenheten til det enkelte skjenkested. Det er neppe noen naboer som vil

bli forstyrret av utendørsskjenking på Engevik gard. Politiet vil ikke ha merknader til slik individuell vurdering - dersom politikerne ønsker å gå inn for det.”

Vedk. uteservering ved arrangement i forsamlingslokale. Vi viser til tidlegare vurdering m.a. frå politiet. Uteservering - i tillegg til skjenking innandørs – set auka krav til arrangørane .

Politiet kjem også til å stilla krav om auka vakthald ved skjenking ute og inne. Risikoen for brot på alkohollova vert større. Arrangementa må også m.a. risikovurderast i samsvar med krava om internkontroll. Internkontroll dvs. ”systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetes aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt bevillingen, alkoholloven og bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholloven.” jf. Alkoholforskrifta § 8-2.

Det er ei utfordring å få ein eintydig defenisjon og felles forståing av kva som ligg i ”festivalar og andre arrangement for vaksne over 18 år kan få tildelt skjenkeløyve der det er ein naturleg del av arrangementet.”

Dersom intensjonen frå kommunestyret er at alle forsamlingslokale skal kunna få skjenkeløyve utandørs, er det bedre at alle forsamlingslokala kan få t.d. løyve til utandørs skjenking inntil 2 gonger pr år.

Nytt punkt:

”2.4.c. Stadar med fast skjenkeløyve kan få utvida skjenketid på uteservering til kl 01.30 med fortæringstid til kl 02.00 ved inntil to særskilde arrangement/festivalar pr kalenderår.”

Vurdering:

Vi viser til tidlegare vurdering. Dette er ei utviding på 30 min i høve til vedtaket som vart gjort 20.06.12. Politiet og sosialtenesta har ikkje merknader til endringa då det gjeld utvidning av skjenketid for få arrangement i løpet av året.

Utgår:

2.13. Går ut.

1.

Næringsverksemdar må få like vilkår for skjenking inne.

(jfr. Vilkår for Skjelbreid Poiree)

Vurdering:

Vi viser til tidlegare vurdering. I kommunestyrevedtaket av 20.06.12. er det gitt like vilkår for skjenking inne til alle næringsverksemdene.

3.

”Vinnfestivalen” vert bytt ut med større arrangement.

Vurdering:

Vi viser til tidlegare vurdering. Det er ønskjeleg at det vert ein mest mogleg eintydning definisjon. Dersom det skal bytast ut bør det vera med ” Større arrangement dvs. arrangement planlagt for over 500 deltakarar.

Nytt punkt til vurdering:

Tillegg til Vedlegg 1 – Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve Punkt 2.12. I ein prøveperiode på 3 år opnar ein for at det kan søkjast om løyve til å arrangera konsert/festival med alkoholserving der ungdom i alderen 15-18 får tilkomst i eigne skjenkefrie soner. Kommunestyret evaluerer ordninga etter prøveperioden.

Vurdering:

Det er ikkje tvil om at det er positive sider ved at ungdommar under 18 år også kan få med seg større kulturelle arrangement i kommunen, også til tross for skjenkeløyve. Uansett må ein stilla seg spørsmål om desse konsekvensane veg opp mot dei negative konsekvensane som for ein del vil oppstå på kortare og/ eller lengre sikt. Kva krav om resursar desse konsekvensane utløyser knytt opp mot ulike kommunale og statlege tenester bør ein og tenkje gjennom.

Det er også viktig å legge til grunn om løyvehavarane ynskjer slike ordningar med dei krav dette følger med seg i høve tiltak og vaktar. Truleg er det ein del inbyggjarar som ikkje kjem på slike arrangement når det er barn til stades, eller vil resultatet bli omvendt slik at ein får fleire betalande og at dette evt. veg opp for økonomiske tap av alkoholsal og auka vakthald. I ruspolitisk handlingsplan er det vedteke at ein skal sikra rusfrie soner spesielt der barn og unge ferdast.

Kva må til i praksis for å gjennomføra arrangement der ein har avskilte rusfrie sonar og der alkoholova vert ivareteke godt nok:

Her må ein eventuelt få på plass eigne retningslinjer, men for at dette skal vera forsvarleg opp i mot lovverket ser ein føre seg eit "arrangement i arrangementet". Slik fagfolk legg det fram må ein ha ei eigen sone som er:

- Adskilt med gjerde
- Har eigen inngang
- Har eigne toalett
- Har evt. eigen servering
- Har eigne vakter
- Rømningsvegar
- Politiet slepp ikkje opp for at vaksne over 18 skal kunne gå att og fram mellom sonane.

(Det er vanskeleg å sjå for seg kva arrangørar i Fusa pr. i dag som har kapasitet til å gjennomføra dette, men det kan sjølvstakt koma i framtida.)

Korleis arrangementet skal gjennomførast, må framgå av søknaden.

Vert arrangement gjennomført på denne måten vil ein truleg unngå mange av dei konsekvensane som er nemnt under, men dette er teke med for å understreka kor viktige disse tiltaka er. I tillegg til at løyvehavaren ikkje skal risikera å mista løyvet.

Andre konsekvensar:

Ungdomsundersøkinga 2011, som gjeld 8., 10. og Vg2, viser at nesten 100% av elevane som er spurt trivs på skulen. Om lag 80% er fornøgd med nærmiljøet sitt og 74% ynskjer å la eigne born vakse opp i nærmiljøet i framtida. Samstundes seier 30% at dei prøver å halde fritida si skjult for foreldra, 45% at dei drikk alkohol, 15% seier at dei er tilbydt hasj det siste året. Ser ein på konsekvensar av rusbruk Fusa ungdommen fortel om er det ca. 15% av både 10 og Vg. 2 av begge kjønn som har hatt angra sex knytt til alkoholbruk. Heile 20% av gutane i 10 klasse og 13% av gutane i Vg 2 har vore i slagsmål etter å ha drukke alkohol. 20% av gutane og 14% av jentene i 10 klasse har ein eller fleire episodar der dei ikkje husker korleis dei kom seg til ein fest. I tillegg til små og store personlege og familiære konsekvensar som uynskja graviditetar, fysisk og psykiske helseskadar og merknadar hjå politiet ser ein at dette utøyser dette på kort sikt behov for tenester og oppfølging frå til dømes helsesøster, barnevern, lege, politi, lærarar og spesialisthelsetenesta. Arbeidsgruppa registrerer heilt klart ein gjennomgåande bekymring frå fagfolk på auka alkoholbruk hjå dei yngste ungdommane i Fusa.

Konsertar og andre arrangement med alkoholserving er naturleg nok ein stad der det er mange alkoholpåverka vaksne. Dette er ein arena der vaksne kosar seg med musikk og alkohol. Vaksne, særleg foreldra, er førebileta til ungdommen og endringar i ”gå-ut/drikkekulturen” vår vil kunna ha innverknad på ungdomskulturen. Ungdomsrådet er viktig samarbeidspartnar for å skapa attraktive tilbod for dei som er under 18 år. I rusmiddelpolitisk handlingsplan er det vedteke at ungdomane sjølv i samarbeid med andre aktørar skal utvikla retningslinjer med rammer for rusfrie arrangement – både det tekniske og innhald.

Ungdomsundersøkinga i Fusa, som på landsbasis, viser ein klar samanheng mellom klare reglar og forventingar hjå foreldre og mindre rusbruk hjå ungdommen. Når det gjeld viktigheita av å retta seg etter vener eller foreldres meining og haldningar ser ein at foreldre faktisk har mest å seie på det meste, utanom musikk og klede. Spesielt ser ein at dette gjeld bruken av rusmiddel der 86% av norske 8. og 10. klassingar seier at det er foreldre som er førebilete når det gjeld alkoholbruk. Her er det både kva ein seier og ikkje minst kva ein gjer i praksis som gjeld.

Forsking viser at foreldre har ei svært viktig rolle i det rusførebyggande arbeidet. Samstundes etterlyser både fagfolk og ungdommen sjølv større engasjement og involvering frå foreldra både når det gjeld å arrangera ting og å følgje opp til dømes kjøring og henting frå fest. Foreldre m.a. FAU på Søre Fusa oppvekstsenter har også kome med eit innspel som støttar dette: *Vi treng større engasjement og involvering frå foreldre og andre vaksne for å få til fleire arrangement for barn og rusfrie møtestader for ungdom. Ein kan gjerne bruka lokala på oppvekstsentra til slike tiltak. FAU vil framheva både arbeidet med sosial kompetanse og evna til å setja grenser som særleg viktig. FAU etterlyser også meir satsing på undervisning i dans og tilbod om danseopplæring på fritida.*

Ny forsking frå SIRUS viser at personlegdom, kva miljø og kultur ein veks opp i og livshendingar og genetisk sårbarheit har ein større betydning når det gjeld høg alkoholforbruk. Forskarane rår til at tiltak bør rettast mot heile ungdomsgruppa og ikkje berre mot dei som drikk mest. Dette må følgjast opp med tiltak retta mot fyll og høgkonsum i ung vaksen alder. Ungdom som ikkje drikk seg fulle er spesielt viktige å nå fordi majoriteten av dei som vert stordrikkarar seinare i livet tilhøyrer denne gruppa.

Derfor vil det vera mest hensiktsmessig å satsa på generelle tiltak med veldokumenterte effektar, slik som aldersgrense, høge alkoholavgifter og restriksjonar i talet på alkoholutval og opningstider, konkluderer forskarane.

Mykje fungerer godt i Fusa og ungdommen melder om høg trivsel både i nærmiljøet og på skulen. Samstunder viser både Ungdomsundersøkinga og uttale frå fagfolk at det allereie er ein del utfordringar når det gjeld ungdom og alkoholbruk. Når det gjeld narkotika, reknar ein med at det er noko mørketal. Både frå eit menneskeleg og eit samfunnsøkonomisk perspektiv er det ikkje tvil om at ein må arbeida for å halde desse konsekvensane på eit lågast mogleg nivå, spørsmålet er om å gå inn for denne saka er den rette måten?

I uttalen frå Ungdomsrådet hadde ungdommane fokus på rusfrie fritidstilbod og fleirbrukshall, ikkje å delta på arrangement som i dag er førebeholdt vaksne. Det er i utgangspunktet rusfrie og varige fritidstilbod mange andre og etterspør.

Ungdomsundersøkinga viser ein samanheng mellom deltaking i få fritidsaktivitetar og meir rusbruk blant gutar i kommunen. Kor flinke er ein til å nytta seg av rusfrie arrangement i andre kommunar? Ein ser at kulturtenesta i Fusa har svært lite midlar til rådigheit samanlikna med andre kommunar for å legge til rette for rusfrie arrangement, eller for å kunne samarbeida med andre kommunar om slike tiltak, jf. KOSTRA-analysen som vart lagt fram for formannskapet 10. og 11.09.12. Ein får stadig gode tilbod frå nabokommunar eller organisasjonar om gode rusfrie kulturtilbod, men kan ikkje legge til rette for å delta på desse grunna eit marginalt budsjett. Kor mykje er dette temaet debatert i sakshandsaminga? Kva arrangement er det ungdomen sjølv ønskjer? Korleis kan ein gjera desse arrangementa/tiltaka attraktive slik at dei vert nytta? Jf. allereie vedteke tiltak i planen med seminar /møte for å utarbeida felles retningslinjer for rusfrie arrangement for ungdom.

Ungdomsrådet er viktig samarbeidspartnar for å skapa attraktive tilbod for dei som er under 18 år. I rusmiddelpolitisk handlingsplan er det vedteke at ungdomane sjølv i samarbeid med andre aktørar skal utvikla retningslinjer med rammer for rusfrie arrangement – både det tekniske og innhald.

Saka vart lagt fram for ungdomsrådet til drøfting og evt. uttale i september 2012.

Ungdomsrådet ga følgjande samrøystes uttale:

UNG-021/12 VEDTAK:

Intensjonen i framlegget er god, at ungdom skal få tilgang til eigne rusfrie soner på konsertar og festivalar, men dette er vanskeleg å gjennomføra i praksis med dei arrangement og kulturlokale ein har i Fusa per i dag

Rådmannen tilrår at det vert gjort vedtak i samsvar med uttale frå ungdomsrådet og faginstansane.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
096/12	Formannskapet	30.11.2012	OHA

Sakshandsamer: Øystein Havsgård

Arkivsaknr 12/135

PROSJEKTRAPPORTERING - FORMANNSKAPET 2012

PR 7.11.12

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

Trafikksikring RV552-Opsalmarka - Prosjekt 070

Endring etter førre rapport: Prosjektet er føreslått fullfinansiert på neste års investeringsbudsjett med kr 500 000. I tillegg må det innarbeidast bruk av ekstra mva-kompensasjonsmidlar dersom mva-reglane for offentleg veg blir endra. Dersom endringa blir gjennomført skal det reknast mva på både arbeid og materialar frå 1.1.13, men dette vil kommunen få refundert gjennom den ordinære ordninga.

Budsjett:

2010	2011	2012	2013	2014	Sum
2 500 000	1 100 000	500 000			4 100 000

Nore Fusa Oppvekstsenter – prosjekt 161

Kommunestyret vedtok i juni utbygging av barnehage med 3 basar og 60 plassar.

Det vart etter ferien teke kontakt med arkitekt med tanke på vidare prosjekteringsarbeid. Av di arkitekten var bunden opp til andre prosjekt drog det ut i tid meir enn ein så for seg ved førre prosjektrapport før vidare arbeid kom i gang. Det er så langt avtalt at arkitekt gjer ferdig forprosjektet, som er ein del av inngått kontrakt. Vidare skal det greiast ut korleis arbeids- og ansvarsfordeling mellom kommunen og arkitekt skal vera ved vidare detaljprosjektering.

Budsjett:

2009	2010	2011	2012	2013	Sum
2 000 000	250 000	4 375 000			6 625 000

Fusa Symjehall – prosjekt 241

Endring etter førre rapport: Det kom inn fleire anbod på ferdiggjering av mur og flis. Det er inngått kontrakt med ny flisentreprenør, og arbeidet er i gang. Kostnad med ny kontrakt er innafor vedteken ramme.

Framdriftsmessig vil hallen vera klar til bruk ca 1.4.2013.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
7 700 000	500 000				8 200 000

Eikhovdaheimen - Prosjekt 250

Arbeidet med tilbygg er kome så langt at det er tett hus. Golv blir støypte i desse dagar.

Areal for base til heimetenesta har høgste prioritet. Før nye lokale for heimetenesta står klar, kan ikkje entreprenørar få effektiv framdrift i sine arbeid.

Økonomisk er prosjektet i rute.

Budsjett:

2011	2012	2013	2014	2015	Sum
9 300 000					9 300 000

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
097/12	Formannskapet	30.11.2012	ERV

Sakshandsamer: Erik Vangsnes

Arkivsaknr 12/258

SØKNAD OM KOMMUNAL MEDFINANSIERING TIL LIV OG LYST-PROSJEKT I STRANDVIK

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fusa kommune ser det som særst positivt at nærmiljøet i Strandvik søkjer om å etablere eit 3-årig Liv og lyst-prosjekt frå 2013.

Alt 1: Fusa kommune vil følgja aktivt opp tiltaket i prosjektperioden. Under føresetnad av løyving frå "Liv og lyst" –ordninga løyver Fusa kommune kr 30.000,- i kommunal medfinansiering kvart år med verknad frå 2013. Løyvinga blir gjeve av kto 1.4701.1001.1010, tilskot etter søknad – ordføraren sin tilskotskonto.

Alt 2: Fusa kommune vil følgja aktivt opp tiltaket i prosjektperioden, og m.a. bidra med rådgjevingsressursar. Fusa kommune har ikkje midlar til å gje direkte økonomisk stønad til prosjektet.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:
Formannskapet

Saksdokument:
Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.11.2012	ORIENTERING OM LIVOGLYST TIL FUSA KOMMUNE.DOCX	52682

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysninger:

”Liv og lyst-prosjekta i Hordaland er ein del av ei nasjonal satsing på utvikling av lokalsamfunn(LUK). I Hordaland har Fylkesmannen ved landbruksavdelinga, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg Hordaland gått inn i eit samarbeid som har fått namnet Liv og lyst.

Ved å koordinera innsatsen har ein fått til eit vellukka prosjekt med gode ringeverknader ut i bygdene.

Både kommunar og bygdelag/organisasjonar kan stå som søkjarar. Det vert kvart år delt ut tilskot og inngått avtalar både om 3-årige prosjekt og 1-årige prosjekt. Det har også vore med sokalla assosierte prosjekt som ikkje har fått pengar, men som har fått vera med på nettverkssamlingar og nytt godt av erfaringsutveksling.

Strandvik har søkt om 3-årig prosjekt sidan 2009. Dei vart først assosiert medlem dei to første åra. I søknadsrunden for 2012 nådde dei nesten heilt opp og fekk tildelt eit eitt-årig prosjekt med kr 70.000,- i tilskot. Ved 1-årige prosjekt er det ikkje krav om kommunalt tilskot/medfinansiering.

For eit 3-årig prosjekt er det eit vilkår at kommunane er med på finansieringa med minst 30.000 kroner i tilskot per år. Frå hovedprosjektet kan ein få inntil 120.000 kroner per år over 3 år.

Det har vore ein tett dialog med Fusa kommune i søknadsprosessen heilt sidan starten der både kulturkontor, landbrukskontor og ordførar har vore med. Søkjarane har fått signal om Fusa kommune er positive til å vera med på finansieringa om ein kjem gjennom nålauga. Det vil truleg vera ein styrke for søknaden inn til hovedprosjektet om det vert gjort eit formelt vedtak i forkant og spørsmålet om kommunal medfinansiering vert no lagt fram til politisk avgjerd.

Eit Liv og lyst-prosjekt skal fremja bulyst, aktivitet og næring i lokalsamfunna.

Søknaden frå Strandvik har fokusert m.a. på:
Behovet for ein ny sentrumsplan
Møtestadar i lokalsamfunnet både fysisk og digitalt
Nye arbeidsplassar
Ulike trivselstiltak i lokalmiljøet

I søknadsrunden for 2013 er Strandvik-prosjektet alt kvalifisert til sluttrunden. I Hordaland skal det delast ut pengar til 5 nye prosjekt som er 1- eller 3-årige.

Vurdering:

Det er særst positivt at det eit så stort engasjement for å driva med systematisk bygdeutvikling i Strandvik.

Prosjektet bidrar til ei positiv utvikling for nærmiljøet som truleg vil bidra til bulyst og trivsel både for dei som bur i bygda og for dei som ønskjer å flytta til bygda. Liv og lyst-prosjektet vil slik vera med å bidra til at Fusa kommune kan nå målet om auka folketal.

Erfaringane frå Strandvik har overføringsverdi til andre bygder og ein kan håpa på at dette arbeidet gjev inspirasjon til aktiv bygdeutvikling andre stader. Ein viktig grunn til at Strandvik har lukkast er at ein har fått til å mobilisera frå grasrota.

Det er krevjande å stå på vent over lang tid for å nå det endelege målet om eit fullskala prosjekt. Samtidig ser ein at somme av tiltaka alt er gjennomførte t.d. nettsida www.strandvikjo.no og ein er i gang. Det har også vore naudsynt med ei modningstid for å vera klar til hovudprosjektet.

Det blir viktig at Fusa kommune følgjer opp med meir enn pengar. Det er ikkje ledige midlar på næringsfondet eller andre aktuelle fond. Ei eventuell løyving må i tilfelle gå frå kto 1.4701.1001.1010 - tilskot etter søknad (ordføraren sin tilskotskonto).

Ei aktiv oppfølging frå administrasjonen i Fusa kommune si side vil vera ein viktig faktor for å lukkast. Ein bør leggja til rette for ei opa erfaringsutveksling undervegs der andre bygder og miljø vert inviterte med. Nokre av tiltaka bør kanskje også ha som perspektiv at dei skal gjelda større område eller heile kommunen.

Saksnr	U t v a l	Møtedato	Saksbeh.
098/12	Formannskapet	30.11.2012	ANHE

Sakshandsamer: Anne Helen Helland

Arkivsaknr 11/1075

AVTALE MED SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE - HORDALAND 2013-2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

FUSA KOMMUNE GODKJENNER NY AVTALE FOR SYNS- OG AUDIOPEDAGOISK TENESTE I HORDALAND, FOR PERIODEN 01.01.2013 – 31.12.2016 SLIK DEN LIGG FØRE.

Saksframstilling:

Inngåing av ny avtale om syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland 2013-2016. Bergen kommune ber om tilbakemelding frå samarbeidskommunane innan 15.10.12. Det er sendt eit førebels svar frå Fusa kommune, med orientering om at avtalen skal behandlast politisk 28.11.12. Endeleg tilbakemelding vil bli sendt i etterkant av vedtak.

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
31.07.2012	TIL GODKJENNING NY AVTALE FOR SYNS- OG	48781
13:52:34	AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND- (SAPT)	
15.10.2012	AVTALE SAPT 01.01.2013 - 31.12.2016	48782

Faktiske opplysninger:

Statped skal omstillast; Frå januar 2013 er Statped ein ny nasjonal etat inndelt i fire regionar (nord, midt, vest og søraust) leia av eit hovedkontor i Oslo. Statped vil vera underlagt Utdanningsdirektoratet. Omorganiseringa er ei kvalitetsreform som skal sikra brukarar over heile landet likeverdig tilgang til Statped sine tenester. Bak reforma ligg særleg opplæringslova sine føringar om at norske elevar har krav på tilpassa opplæring. Statped er i 2012 i ein omstillingsfase der nye system og mål for Statped skal konkretiserast og formast. Ein heilt sentral del av omstillingsarbeidet som pågår i 2012, er å utforma målbildet for det nye Statped; kva for oppgåver Statped skal utføra, korleis oppgåvefordelinga skal vera og kva for prioriteringar som skal gjerast.

Strukturen i Statped frå 2013: I det nye Statped vil 11 tidlegare sjølvstendige statlege spesialpedagogiske kompetansesenter inngå. Desse er Huseby, Bredtvet, Torshov, Skådalen, Øverby, Nedre Gausen, Sørlandet kompetansesenter, Tambartun, Møller-Trøndelag, Statped Vest og Statped Nord. Regionane i Statped vil følgja inndelinga i helseregionane. Det nye Statped har seks definerte kjerneområde: hørselshemming, synshemming, døvblindheit, språk- og talevanskar, lærevanskar og erverva hjernesker. Viktige samarbeidspartnarar i arbeidet med og for brukarane vil vera blant anna kommunar, fylkeskommunar, helsesektoren og NAV.

Vurdering:

SAPT-H sin noverande avtale varer til 31.12.2012. På grunn av endringar i nasjonale føringar for organisering av syns- og audiopedagogisk spisskompetanse / kompetansesentra, vert avtalen med syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland endra. Statped Vest og Tambartun kompetansesenter går ut av avtalen. Jfr førre avtale 2008-2011, prolongert ut 2012. Den nye avtalen må også godkjennast av vertskommunen Bergen, for godkjenning ved Byrådet.

Avtaleforslaget er utarbeidd av og godkjent i styremøte i SAPT den 14.06.2012.

For Fusa kommune betyr den nye avtalen ein estimert auke i utgiftene ved dette samarbeidet, frå 61.000,- til ca 68.000,- årleg.